



Jostedalsbreen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Fjærland
Dato:	25.11.2025
Tidspunkt:	10:00

Velkomen til det åttande møtet i Jostdalsbreen nasjonalparkstyre i 2025.

Møtet finn stad i Fjærland tysdag 25.november kl10:00 på Fjærland Fjordstove.

Etter at me er ferdige med saklista vert det servert juletallerken.

Eventuelt forfall må meldast snarast til ein av forvaltarane Trygve Snøtun på tlf 95 79 44 84 eller

Tor Arne Hauge på tlf 90 19 24 71

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge
Nasjonalparkforvaltarar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 33/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 34/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 35/25	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 8/2025		2025/16018
ST 36/25	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Drift av styret og årsplan for 2026		2025/18173
ST 37/25	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestillingsdialog og tiltaksplan - 2026		2025/16897

ST 33/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 34/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2025/16018-2

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	35/25	25.11.2025

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - orienteringssaker styremøte 8/2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker sidan førre møte

Det har ikkje vore handsama saker delegert sidan sist møte.

SNO sin årskavalkade

SNO går igjennom året som har gått og viser bilete frå nasjonalparken.

Skjøtselsarbeid i 2025 - rapportar

Skjøtselsarbeidet er no avslutta for i år dei fleste stader, med mogeleg unntak for Veitastrand der frost og snø er ideelle forhold for rydding av beitestiar.

Mykje godt arbeid er utført av grunneigarar og andre. Det verkar som om interessa for å gjennomføre skjøtselstiltak i tråd med skjøtselsplanane er aukande i alle dalane.

Det vert ein kort gjennomgang av tiltaka som er gjennomført i Sunndalen, Erdalen, Bødalen, Befringsdalen og Langedalen.

Status for innfallsportar Stardalen

Det er no gjort avtale med lokal entreprenør om oppsetjing av infoskilt på fire innfallsportar i Stardalen. Arbeidet skal utførast før sommarsesongen 2026.



Kartlegging av hekkefuglfauna i Befringsdalen

Det er inngått avtale med Miljøfaglig utredning AS, i tråd med rammeavtale, om utføring av ei kartlegging av hekkefugl i Befringsdalen med vekt på våtmarksområdet Lonene. Kostnaden vert knapt kr 60 000,- og vert forehandsfakturert, slik at kostnaden vert ført i 2025 rekneskapen.

Status planlegging av innfallsport ved Supphellebreen

Miljøfaglig utredning AS gjennomførte sommaren 2025 kartlegging av naturtypar ved innfallsporten ved Supphellebreen. Målet med kartlegginga var å gje forvaltninga betre grunnlag for val av løysing ved vidare utvikling av innfallsporten ved Supphellebreen. Funne og tilrådingane i rapporten vert lagt fram for styret i møtet.

Høyring – planprogram for kommunedelplan for naturmangfald Stryn kommune

Stryn kommune har lagt ut forslag til planprogram for kommunedelplan for naturmangfald ut til offentleg høyring i 6 veker. Frist for å kome med innspel til planprogrammet er 2.1.2026. Føremålet med planarbeidet er m.a. å auke kunnskapsgrunnlaget om artar, naturtypar og naturområde i Stryn kommune, samt å oppdatere planverk for å unngå arealdisponering basert på eit mangelfullt kunnskapsgrunnlag.

Ny strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde

Miljødirektoratet har laga ein ny Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde (2026-2030). Strategien ser ved fyrste augekast mykje lik ut som den førre strategien, som gjaldt for perioden 2021-2025, men der er nokre endringar som vil få konsekvensar for forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark. Desse vil bli gått i gjennom på møtet.

Økonomi – drift

Det skjer mykje utbetalingar i desse dagar. Status for driftsmidlar og tiltaksmidlar vert lagt fram i møtet, slik at styret får lagt fram oppdaterte ferske tal.



Arkivsaksnr: 2025/18173-1

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	36/25	25.11.2025

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - Drift av styret og årsplan for 2026

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal i 2026 møtast for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- Januar/Februar: Styremøte
- Mars: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Juni: Styremøte med synfaring
- August: Styremøte med synfaring
- Oktober: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- November: Styremøte (Bestillingsmøte 1)

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret godkjenner framlegg til drift av styret for året 2026 på Kr 342 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 180 000,- i plan- og kartleggingsmidlar og kr 150 000,- i grunnstøtte drift. Samla budsjett til drifts- og planmidlar vert føreslått til kr 672 000,-.

Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 9. januar 2026. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.

Dokument i saka

- Føringer for forvaltningsmyndighetene for verneområder – tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026. Brev frå Miljødirektoratet datert 27.10.2025
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030). Miljødirektoratet.
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjeldande frå 01.januar 2020



Saksopplysningar

Jamfør vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Sidan 2011 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I 2025 har det vore åtte møte. Eit møte var digitalt på Teams, medan seks var fysiske møte. Møta i 2025 har vore i januar, mars, april (Teams), mai, juli, september, oktober og november. Styremøtet som var planlagt i samband med studieturen i juni vart utsett, då styret ikkje var vedtaksført grunna fleire forfall. Den aktuelle saka vart handsama som epostmøte i juli.

I 2026 vonar vi at nasjonalparkstyret omsider skal kunne kome vidare med revidering av forvaltningsplanen. Arbeidet med revideringa har, av ulike årsaker, gått føre seg over fleire år, men har fleire gonger stoppa opp. I 2025 var det planlagt å ta tak i dette att, men sidan Miljødirektoratet arbeider med ei omlegging av systemet for forvaltningsplanar vart ikkje arbeidet starta. I løpet av 2026 skal det nettbaserte systemet FPNV fasast ut og forvaltningsplanar skal etter dette utarbeidast i Naturoppdrag.

Sekretariatet har som mål at utkast til forvaltningsplan vert drøfta av styret før det vert oversendt Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang i løpet av våren. Deretter skal dokumentet på høyring før endeleg godkjenning og vedtak.

Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar i samband med synfaringar. Det blir naturleg å leggje inn synfaringar og overnatting i samband med styremøte i juni, august og november.

I kort rettleiar for Elektronisk søknadssenter (ESS) står følgjande:

For verneområder som forvaltes av styrer, skal styrene melde inn behov for midler over kapittel(post 1420.21 i ESS. Dette gjelder følgende:

- Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer (...)*
- Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder*

Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler. Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtselsplaner.

Tildelinga til drifta av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for 2025 var på kr 480 000,- (2024: kr 510 000). Kr 150 000,- av denne tildelinga gjaldt ei ny grunnstøtte til drift. Dette var eit nytt tilskot i 2024, som er meint å nyttast til driftsoppgåver som tidlegare ikkje har vore dekning for på driftsmidlane. Det betyr at det var tildelt kr 330 000,- til dekking av planarbeid, utgifter til møte, synfaringar og reise og møtegodtgjersle, samt møteutgifter og dekking av reise for rådgjevande utval.

Vi bruker truleg noko mindre midlar i 2025 enn budsjettet, i hovudsak gjeld dette midlar som var tenkt nytta til i samband med revidering av forvaltningsplanen, eit arbeid har blitt utsett i 2025.



Vurdering

Sekretariatet føreslår eit driftsbudsjett på totalt kr 672 000,- i 2026. I denne summen inngår kr 150 000,- i grunnstøtte drift, same summen vi vart tildelt i 2025.

I løpet av 2026 vonar vi nasjonalparkstyret endeleg kan vedta revidert forvaltningsplan, noko som også krev tid til å drøfte dette omfattande dokumentet. Forvaltarane satsar på fysiske møter i 2026, og legg dette til grunn for møteplanen.

Til fyrste styremøte i 2026 vil sekretariatet innhente kommunane sine møteplanar og utarbeide eit meir detaljert framlegg til møteplan med konkrete datoar.

Driftsbudsjett Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 2026_forslag										
Møtegodtgjersle			Timeforbruk							
Sats leiar (kr/t)			* = inkl. 2 timar til førebuing							
Sats øvrige (kr/t)			som møtets varighet							
Skisse til møteplan										
Styremøte	Møtedato	Type	Tal timar *	Tal deltakarar	Timebruk leiar	Kostnad leiar (kr)	Timebruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar
	Januar/Februar	Styremøte	6	6	6	4 548	30	17 280	21 828	Bestillingsmøte 2
	Mars	Styremøte	6	6	6	4 548	30	17 280	21 828	
	Juni	Styremøte med synfaring	8	6	8	6 064	40	23 040	29 104	
	August	Styremøte med synfaring	8	6	8	6 064	40	23 040	29 104	
	Oktober	Styremøte med RU	8	6	8	6 064	40	23 040	29 104	
	November	Styremøte m/overnatting	6	6	6	4 548	30	17 280	21 828	Bestillingsmøte 1
		Tapt arbeidsforteneste					0		25 000	
Sum møtegodtgjersle									177 796	
Kostnader til møte		Utgifter i samband med møte (møterom, varm lunsj, servering m.v.)							40 000	
		Tre kombinerte styremøte med synfaring inkl. overnatting, lunsj el. Middag							50 000	
		Reisegodtgjersle: 6 møter, 6 repr., 1300 per repr.							46 800	
Sum:									136 800	
Rådgjevande utval:		Reisekostnader: 1 møte, 16 repr., 500 per repr.							8000	
		Møtekostnader: Leige av møterom pluss servering							20000	
Sum:									28000	
Driftsmidler									150000	
Planarbeid									30000	
Kartlegging av insektsfauna									150 000	
Driftsbudsiett totalt Jostedalsbreen									672 596	

I skjøtelsesplanen for Tungestølen og Nystølen (2023) er det laga ein oversikt over behov for vidare kunnskapsinnhenting. Høgast prioritet har kartlegging av insektsfaunaen i sørvendt rasmark i Langedalen. Her er det tidlegare er registrert mnemosynesommarfugl, noko som tyder på potensial for funn av spanande insektartar med flygande stadium avhengig av nektar og pollen. Rasmarkene er mange stader truga av attgroing. Seinare års undersøkingar viser at rasmarker ofte vil vere eit refugium for mange artar sommarfuglar som tidlegare var vanlege i kulturlandskapet. Relikte populasjonar av raudlista artar som elles er borte kan finnast i slike rasmarker. Det er svært ynskjeleg å følgje opp dette med ei kartlegging av insekt sommaren 2026. Vi har etter rådføring med fagfolk føreslått kr150 000,- til ei slik kartlegging.

Sekretariatet føreslår av det vert budsjettet med kr 30 000,- til arbeid med forvaltningsplanen i 2026. Det er viktig å gjere eit framstøyt for å fullføre revidering av forvaltningsplanen. Ein sum på kr 30 000,- er meint å dekkje utgifter til høyringsrundar for forvaltningsplanen, annonsar i lokalavisene og bygdemøte. Besøksstrategien som vart ferdig i 2021 skal vere eit vedlegg til den reviderte forvaltningsplanen.



Det er ikkje planlagt å bestille nye skjøtelsesplanar eller sårbarheitsanalysar i 2026.

Det og sett opp nokre mindre postar i driftsbudsjettet til drift av nettsider og medlemskap i organisasjonen Europarc.

Samla budsjett for drifts og planmidlar er sett til kr 582 000,-.

Budsjett 2026 for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre		
	Budsjett 2026	Merknader
Driftsutgifter for styre og utval		
Møtegodtgjersle styret	178000	Sjå eige oppsett
Reiseutgifter styret	46000	Sjå eige oppsett
Møteutgifter styret og møte/reise for rådgjevande utval	118000	Sjå eige oppsett
Sum	342000	
Planarbeid		
Høyringsrunde forvaltningsplan, bygdemøter, annonsering	30000	Kjøp av tenester
Kartlegging av insektsfauna Langedalen ved Tungestølen	150000	Kjøp av tenester
Sum	180000	
Andre driftsutgifter		
Driftsutgifter (vedlikehald av stiar, innfallsportar m.v.)	131000	Kjøp av tenester
Drift av nettsider	10000	Kjøp av tenester
Europarc	9000	Kjøp av tenester
Sum	150000	
Total sum	672000	



Arkivsaksnr: 2025/16897-2

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 20.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	37/25	25.11.2025

Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestillingsdialog og tiltaksplan - 2026

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek *Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2026* slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt frå styret til å leggje til mindre tiltak og justere summar fram mot søknadsfrist 9.januar 2026 i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, då dette skal gje grunnlag for bruk av nasjonalparken som ein ressurs for lokalsamfunna. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må difor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, samt vedlikehald av stiar, restaurering og tilrettelegging i område som toler meir bruk.

Oppsetjing av informasjonskilt og ferdigstilling av innfallsportar vert prioritert høgt i 2026.

Skjøtsel av kulturlandskap skal i 2026 prioriterast i alle område med utarbeidd skjøtelsplan. Skjøtsel skal utførast i nært samarbeid med grunneigarar/brukarar og SNO.

Dokument i saka

- Brev frå Miljødirektoratet av 27.10.2025 – Føringer for forvaltningsmyndighetene for verneområder – tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2026-2030, Miljødirektoratet
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 (2021)



Saksopplysningar

Miljødirektoratet har i brev datert 27.10.2025 *Føringar for forvaltningsmyndighetene for verneområder – tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026* og i ny *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026-2030)* sett rammer for kva tiltak som kan nyttast tiltaksmidlar til.

Det har i saksførebuinga vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO.

Status og gjennomførte tiltak i 2025

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har i 2025 hatt mange tiltak på tiltaksplanen. Skjøtsel av kulturlandskap i tråd med tilrådingar i skjøtelsesplanar har hatt høg prioritet. Skjøtselstiltaka er utført i nært samarbeid lokale aktørar. Det er inngått skjøtelsesavtalar med grunneigarlag og enkelt grunneigarar for til saman kr 310 000,-.

Utforming av og oppsetjing av informasjonstavler på innfallsportar har vore eit anna viktig og stort tiltak i 2025, det vil bli arbeidd med dette utover vinteren og våren 2026. Utsiktspunktet ved Bøyabreen vart opna i mai 2025, etter at nye skilt vart sett opp. Utbetring av stien i Kjenndalen etter raset våren 2025 vart gjennomført før hovudsesongen kom i gang. Til dette prosjektet vart det søkt kr 200 000 i ekstra tiltaksmidlar.

Nedanfor følgjer ein kort oppsummering av status på tiltak som var prioritert i tiltaksplanen for 2025.

1. Slått i Sunndalen. Demonstrasjonsareal med slåtteområde etablert sommaren 2024. Årleg slått etter avtale utført av Sunndalen sankelag.
2. Rydding av kulturlandskap ved Sunndalssætra. Rydding i boreal hei kring Sunndalssætra og kantar i slåtteeng er etter avtale utført av Sunndalen sankelag.
3. Stiltak i Sunndalen. Rydding av skog og kratt langs drifteveg og stiar er etter avtale utført av Sunndalen sankelag.
4. Slått i Erdalen. Demonstrasjonsareal med slåtteområde etablert sommaren 2024. Årleg slått etter avtale utført av Erdalen beitelag.
5. Rydding i kulturlandskap ved Storesætra. Erdalen beitelag har utført rydding i samarbeid med Indre Nordfjord turlag. Det er rydda beitestiar og langs buføringsvegen mellom Storesætra og Vesledalen.
6. Rydding i kulturlandskap Vetledalssætra i Erdalen. Indre Nordfjord Turlag har rydda på stølsvollen i Vesledalen og langs buføringsvegen mot Reset og Sætreuftene.
7. Vedlikehald av risgjerdet ved Reset i Erdalen. Erdalen beitelag har utført sitt årlege vedlikehald av risgjerdet som ein større fellesdugnad, før dyra vart sleppt.
8. Stiltak i Erdalen. Erdalen beitelag har rydda utsiktspunkt ved stien inn mot Storesætra.
9. Rydding av kulturlandskap i Bødalen. Grunneigarane i Bødalen har rydda beitegater ved Bødalssætra. Snøen kom brått og øydela slik at dei ikkje fekk nytta alle midlane i år.
10. Rydding av kulturlandskap ved Tungestølen. Grunneigarar ved Tungestølen og Nystølen ryddar beitestiar på begge sider av Langedøla i håp om å få meir beitepress inn i nasjonalparken. Det vert i november gjennomført to kurs i sikker bruk av motorsag. Kursa kom på plass etter at forvaltarane tok kontakt med Luster kommune for å synleggjere behovet for slike kurs på Veitastrond.



11. Rydding av kulturlandskap i Befringsdalen. Grunneigarar på begge sider av elva har i haust rydda beitestiar frå støyane og innerter dalen.
12. Innfallsport Stardalen. Det er gjort avtale om oppsetjing av informasjonstavler på fire innfallsportar i Stardalen. Arbeidet starta i haust, men vert fullført før sommarsesongen 2026. Førehandsfakturerast på 2025.
13. Utforming av innhald til infotavler. Avtale om kjøp av tenester vinteren 25/26 vert gjort.
14. Oppsetjing av infotavler ved innfallsportar. Det er sett opp skilt ved Bøyabreen i 2025. Arbeidet har gått seint i 2025 grunna liten kapasitet våren 2025. Dette arbeidet må prioriterast høgt i 2026. Restmidlar omprioriterast til andre prosjekt. Noko til kjøp av hjelp til utforming av innhald og førebunde arbeid for oppsetjing våren 2026.
15. Rydding av sti til Bergsetbreen. Prosjektet er gjennomført som planlagt.
16. Uthenting av brurestar og skrot ved Tverrdalskyrkja. Ikkje utført i 2025.
17. Kanalisering og utbetring av sti Haugabreen. SNO sjekka stien på forsommaren. Stien hadde klart seg bra gjennom vinteren. Mindre utbetringar gjort i nedre deler av stien for å kanalisere trafikken betre.
18. Innfallsport Supphellebreen. Kartlegging av naturtypar gjennomført sommaren 2025 for å kunne vurdere val av stitrasé. Det kan vere aktuelt å omprioriter midlar til førehandskjøp av nye planskisser for å kome vidare med prosjektet i 2026.
19. Restaurering sti Lundeskaret. SNO sjekka stien, men det var ikkje trong for utbetringar sommaren 2025. Framleis er det stor fare for at fleire steinar som kan rase ut. Må følgjast opp årleg av SNO.
20. Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen. Utsiktspunktet vart ferdigstilt med oppsetjing av plakatar og etablering av natursti.
21. Ferdsesteljing langs utvalde stiar. Det vart sett opp teljarar som fungerte i Austerdalen og på stien til Oldeskaret.

Ekstra tiltak som ikkje var med på tiltakslista for 2025.

22. Utbetring av stien i Kjenndalen. Det vart søkt kr 200 000 i ekstra tiltaksmidlar etter at deler av stien i Kjenndalen vart øydelagt av ras i mars 2025. Stien og bruene vart gjenoppbygd og teken i bruk før 1.juni. Kostnad om lag kr 120 000. Restmidlar overførast andre prosjekt.
23. Praktisk stikurs. Gjennomført på Sandane i juni. 15 deltakarar stort sett frå regionen. Viktig kunnskapsoverføring om planlegging, bygging, drift og vedlikehald av stiar.
24. Utbetring av tursti i Langedalen. Det er kjøpt inn materialar til etablering av fleire treklopper i Langedalen på Veitastrond. Samarbeid med Luster Turlag.
25. Bruprosjekt Fonn i Stardalen. Brua ved starten av den gamle T-merka stien til Gallen treng bytast ut med ei ny bru. Samarbeidsprosjekt med grunneigarar, Sunnfjord kommune og Indre Sunnfjord Turlag. Restmidlar vert omprioritert til medfinansiering.

Heimelsgrunnlag

Delegering



Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmynde for Jostedalsbreen nasjonalpark i medhald av reviderte vedtekter gjeldande frå 01.01.2020.

Overordna føringar

I statsbudsjettet er det sett av tiltaksmidlar til forvaltning av verneområde, slik at ein tek vare på eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar. Det kom i 2025 ein ny *Strategi for bruk av tiltaksmidlar til tiltak i verneområder*, gjeldande for perioden 2026- 2030. Her vert det prioritert tiltak i verneområde der verneverdiane er trua. Klimaendringane er venta å føra til auka stress for mange artar og naturtyper i verneområde, og kan gje endringar i samansetning av artar. For å minimere dei negative effektane av klimaendringar på verneverdiane, må andre negative påverknader avgrensast mest mogeleg. Døme på dette er attgroing, forstyringar og ureining. I tillegg bør forvaltninga av verneområde ta ekstra omsyn til klimaeffektar i planlegging av tiltak. Tiltaksmidlane vert fordelt på bakgrunn av dagens trusselbilde i verneområda. I strategien står mellom anna følgjande:

«Midlene til verneområder og nærområder til verneområdene går til skjøtsels- og tilretteleggingstiltak og andre tiltak som er nødvendige for å ta vare på verneverdiene, til informasjonstiltak og til utredninger som er nødvendige før tiltak. Skjøtselstiltak blir utført for å bedre naturtilstanden og for å sikre at viktige naturtyper og arter ikke går tapt. Tilretteleggingstiltak omfatter blant annet opparbeidelse av stier, klopping og merking for å bedre tilgjengeligheten i verneområdene og samtidig styre ferdsele i og rundt sårbar natur. Informasjonstiltak i alle typer av verneområder blir utarbeidet i tråd med merkevaren for Norges nasjonalparker. Alle tiltak i verneområder skal prioriteres i tråd med Miljødirektoratets Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026–2030) og skal i utgangspunktet være forankret i godkjent forvaltningsplan, skjøtselsplan, besøksstrategi eller tilsvarende plan for arbeidet.»

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.»

Strategien seier tydeleg at midlane ikkje kan nyttast som tilskot til andre, men dei kan brukast som investeringar der ein har ein tydeleg samarbeidspartnar som tek drift og vedlikehald. Miljødirektoratet har sett opp følgjande prioriteringar ved bruk av tiltaksmidlar:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke trusler mot verneverdiene
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Besøksforvaltning i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Besøksforvaltning i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfte ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand. Miljødirektoratet presiserer i brev av 13.11.2023 at:



«Det er viktig å sikre god dialog og forutsigbarhet i verneområdearbeidet med hensyn til prioritering av oppsynsinnsats, gjennomføring av tiltak og overvåking (bevaringsmål) som SNO skal ha ansvar for å utføre sjølv eller gjennom tjenestekjøp. Dette sikres gjennom planleggingsmøtene som omhandler verneområdearbeidet, og aktiv bruk av Naturoppdrag gjennom året. Det er en klar forventning om at både forvaltningsmyndighet og oppsyn bruker Naturoppdrag, både ved planlegging og gjennomføring av tiltak i verneområdene».

Forvaltarane har tatt i bruk Naturoppdrag, og alle tiltak som skal gjennomførast vert lagt inn i Naturoppdrag.

Forslag til tiltaksplan for 2026 er utarbeidd i nært samarbeid med SNO og med bakgrunn i handlingsplanen i besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021, innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret i løpet av 2025.

Nasjonalparkstyret sin frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 9.januar 2026. Sekretariatet melder inn til bestillingsdialogen på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan for 2026.

Vurdering

Det kan søkjast om tiltaksmidlar til informasjons-, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for verdiskaping innan rammene for vernet. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtselsplan eller andre relevante styringsdokument.

I 2025 var det andre året med skjøtsel basert på nye godkjende skjøtselsplanar for fleire område rundt Jostedalsbreen. Nokre stader er ein komen godt i gang, medan andre stader er ein så vidt i gang. Alle stader det er skjøtselsplan har det vore gjennomført tiltak for å betre kulturlandskapet. Samarbeid med lokale brukarar om skjøtselstiltak i tråd med skjøtselsplanane bør difor vere høgst prioritert i 2026 og i åra som kjem.

Det er svært mange som gjestar Jostedalsbreen nasjonalpark og innfallsportane rundt parken. Ein må difor leggje vekt på tiltak som tek vare på verneverdiane. Infrastrukturtiltak som tek vare på verneverdiane og som samstundes kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Å ferdigstille fleire innfallsportar med nye informasjonstavler/skilt og oppsetjing av desse må prioriterast høgt i 2026.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark vart vedteken av nasjonalparkstyret 26.10.2021. Mange av tiltaka som er føreslått gjennomført i 2026 er forankra i besøksstrategien. Besøksstrategien omtalar mellom anna 45 innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark og aktuelle tiltak på desse innfallsportane.

I 2025 vart det sett opp informasjonstavler ved Bøyabreen. Men det er mange fleire innfallsportar som står att i 2026 og i åra som kjem. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret har kjøpt inn ein del betongfundament og cortenståltavler som er lagra i Gaupne og Stryn. Oppsetjing av informasjonstavler i tråd med merkevara Norges Nasjonalparker er tiltak som vil prege arbeidet til forvaltninga dei næraste åra. Erfaringane våre og frå andre verneområde fortel oss at dette er tidkrevjande arbeid. Det er difor tilrådeleg å strekkje dette ut i tid, slik det og er planlagt i besøksstrategien.



I 2026 føreslår sekretariatet å konsentrere arbeidet om utforming av innhald og oppsetjing av informasjonstavler på flest mogeleg innfallsportar, slik at vi får brukt mange av cortenståltavlene som allereie er kjøpt inn. Ein stor del av arbeidet vil vere kontakt med lokale aktørar som grunneigarar, næringsaktørar, kommunar m.v for å sikre god plassering av informasjonstavler, og god og heilskapleg utforming av innfallsportane. Arbeidet med idéskisser og planar kan i nokre tilfelle vere naudsynt og nyttig, og metoden vil vonleg vere ei god hjelp ved innfallsportar der plassering av informasjon og andre element ikkje gjev seg sjølv. Andre stader vil prosessane vere enklare. Det vert tilrådd å setje av tiltaksmidlar i 2026 for å få sett opp skilttavler på flest mogeleg innfallsportar, samstundes som ein får kartlagt kva som krevst av planar og løyver på resterande.

Layout til informasjonstavler vil bli kjøpt av firma med slik kompetanse, men innhaldet er det i fyrste rekkje sekretariatet som må velje ut og leggje til rette. Dette vil krevje mykje tid og tett oppfølging frå sekretariatet for å sikre at resultatet skal bli bra. Sekretariatet vil difor hente inn ekstrahjelp vinteren 2025/26 til å arbeide med dette.

Stiltak – utbetringar m.v.

Dei har gjennom åra vorte gjennomført fleire store prosjekt for restaurering og utbetring av stiar i nasjonalparken og ved innfallsportane inn mot parken. Siste store stiprosjektet var stien til Flatsteinbu i 2023. Det vert ikkje føreslått å setje i verk nye store stiprosjekt i 2026, men vil bidra i samarbeidet for å få på plass ny bru ved Fonn i Stardalen. Brua er ein del av stien mot Gallen som er ein del av den tradisjonsrike brekryssinga mellom Stardalen og Veitastrond.

Terrenget kring Jostedalsbreen tilseier at det er krevjande å halde infrastruktur ved like, og årvisst har stiar og bruer vorte skadd av ras, flaum og skred. Det har tidlegare år vorte sett av ein samlepott til slike hendingar slik at ein raskt kan sette i gang tiltak. I 2024 kom ei ny ordning der nasjonalparkane får tildelt driftsmidlar som kan nyttast til slikt. Det er difor ikkje naudsynt med eit eige punkt for dette i søknad om tiltaksmidlar.

Ferdselsteljing

Frå 2026 er det ikkje lenger råd å melde inn trong for lån av direktoratet sine ferdselsteljarar direkte i ESS. Miljødirektoratet er i ferd med å evaluere ordninga med ferdselsteljarar og vil i nær framtid kome med nye tilrådingar/retningslinjer for korleis dei ynskjer ferdselsteljing i verneområda skal skje dei komande åra.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er behov for auka kunnskap om verneområda, då eldre verneområde som Jostedalsbreen manglar omfattande kartleggingar av biologisk mangfald og brukarinteresser, noko som er standard i nye verneplanprosessar. Vi har dei seinaste åra fått kartlagt vegetasjonen i fleire dalføre i parken, ved såkalla basiskartlegging etter NiN-metoden. Det er og utarbeidd skjøtelsplanar for kulturlandskapet i fleire stølsdalar/stølsområde i nasjonalparken.

I 2025 vart det gjennomført vurdering av naturtypar og sårbarheit ved innfallsporten i Supphelledalen.

For 2026 er det bestilt og førehandsfakturert kartlegging av hekkefuglfaunaen i våtmarksområdet Lonene i Befringsdalen. Insektfaunaen i den sørvendte rasmarka i Langedalen bør kartleggjast.



Skjøtelsplanar

I forslaga til skjøtelsplanar for Bødalen, Erdalen, Sunndalen, Tungestølen/Nystølen og Befringsdalen er det laga lister med forslag til skjøtselstiltak for kvart område. Arbeidet med å følgje opp skjøtelsplanane med praktiske skjøtselstiltak starta i 2023/2024, men må prioriterast høgt også i 2026 og åra som kjem. Kva skjøtselstiltak som skal prioriterast i kvart område må drøftast med grunneigarar og brukarar. Lokale lag og organisasjonar kan og vere viktige samarbeidspartar i arbeidet med å følgje opp tiltak i skjøtelsplanane.

Skjøtsel av kulturmark er ofte svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Nokre av skjøtselstiltaka betyr at ein bind opp ressursar for åra framover, då det kan ha lita hensikt å berre utføre eingongstiltak. Dette er viktig å ta omsyn til ved oppstart av nye skjøtelsprosjekt. Prioritering mellom skjøtselstiltak og område må vere fagleg forankra i skjøtelsplanen. Ved eventuelt behov for prioritering må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive brukarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

Sekretariatet tilrår at tiltaksarbeidet i Jostedalsbreen nasjonalpark vert spissa mot skjøtsel og innfallsportar i 2026. Tidlegare erfaringar viser at det er vanskeleg å nå over altfor mange prosjekt på ein god måte. Arbeid med å ta i bruk skjøtelsplanane for å få i gang konkrete skjøtselstiltak må prioriterast høgt. Det same må arbeidet med å følgje opp tiltaksplanen i besøksstrategien og leggje til rette innfallsportar rundt Jostedalsbreen nasjonalpark.

Samstundes som desse prosjekta vert prioritert må det setjast av tid til å følgje opp arbeidet med revidering av forvaltningsplan, slik at det kan sendast ut på høyring og vonleg vedtakast i løpet av 2026. Miljødirektoratet jobbar med ny mal til forvaltningsplan, som er planlagt klar vinteren 2026.

Samla sum for alle tiltaka føreslått gjennomført i 2026 er kr **960 000,-**. Dette er om lag 290 000,- meir enn det som vart søkt om i 2025 og 60 000,- meir enn samla tildeling i 2025.

På bestillingsmøte 2, i februar/mars 2026, må styret gjere ei endeleg prioritering av tiltaka ut i frå den tildelte budsjettramman frå Miljødirektoratet.



Tiltaksplan for Jostedalsbreen nasjonalpark 2026 – forslag i prioritert rekkefølge
datert 19.11.2025.

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Utføring	Samarbeids- aktører	Merknad
Skjøtselstiltak i Sunndalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Sunndalen. Samarbeid med grunneigarar om skjøtsel av viktige naturtypar i kulturlandskapet, m.a. slått og rydding av uønskt vegetasjon.	100 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar og lokale lag	Gjerde kring slåttemark, slåttarbeid og rydding av uønskt vegetasjon i kulturlandskapet.
Skjøtselstiltak i Erdalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Erdalen. Samarbeid med grunneigarar om skjøtsel av viktige naturtypar i kulturlandskapet, m.a. slått, risgjerde og rydding av uønskte artar. Restaurering av slåttemyr.	130 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar og lokale lag	Gjerde kring slåttemark, slåttarbeid, ivareta risgjerde på Reset og rydding av uønskt vegetasjon i kulturlandskapet.
Skjøtselstiltak i Bødalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Bødalen. Samarbeid med grunneigarar og brukarar om skjøtsel av viktige naturtypar i kulturlandskapet, m.a. rydding av uønskte artar og opne opp naturbeitemark og hagemark.	50 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar og brukarar	Rydde og opne opp att naturbeitemark og hagemark, og beitestiane mellom desse.
Skjøtselstiltak ved Tungestølen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Tungestølen. Samarbeid med grunneigarar og brukarar om skjøtsel av kulturlandskapet, m.a. opne opp og rydding av uønskte artar, rydding av beitestiar.	60 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar	Rydde og opne opp att kulturtinga naturtypar, og beitestiane mellom desse.
Skjøtselstiltak i Befringsdalen i tråd med tilrådingar i skjøtelsplanen	Oppfølging av skjøtelsplanen utarbeidd for Befringsdalen. Samarbeid med grunneigarar og brukarar om skjøtsel av kulturlandskapet, m.a. opne opp og rydding av uønskte artar, rydding av beitestiar.	90 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar	Rydde og opne opp att kulturtinga naturtypar, og beitestiane mellom desse.
Innfallsport Stardalen	Ferdigstilling av innfallsportane i Stardalen. Det er det fleire startpunkt for turar i nasjonalparken, der Sommarkafeen er eit naturleg informasjonspunkt.	30 000	Tenestekjøp	Bygdelag, grunneigarar	Informasjonspunkt ved Sommarkafeen, startpunkt ved Høyseth, Haugadalen, Befringsdalen og Fonn.



Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Utføring	Samarbeids- aktørar	Merknad
Utforming av innhald til informasjonstavler	I besøksstrategien er det definert 45 innfallsportar. Mange er små, men dei fleste treng informasjonstavler. Innhaldet på desse varierer frå stad til stad.	30 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, lokale lag m.v.	Det skal utarbeidast temaplakatar og geografisk tilpassa informasjon.
Oppsetjing av informasjonstavler ved innfallsportar for Jostedalsbreen nasjonalpark	Av 45 innfallsportar er det mange startpunkt der det er planlagt mindre tiltak der det i all hovudsak er å sette opp nye skiltstativ etter ny merkevare og kanskje ein benk. Aktuelle stader: Olden, Oldedalen (5 innfallsportar), Sunndalen, Erdalen, Fosnes, Skålastien, Bødalen, Utvikfjellet, Sanddalen, Lundaskaret, Dvergsdalsstøylen, Flatbrehytta, Vårstølen, Anestølen.	250 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, SNO	Skilt og fundament er kjøpt inn, treng avtale med grunneigar og løyve frå kommunar.
Uttak av gran nær nasjonalparkgrensa ved Fåbergstølen	Det er nokre spreidde granbestand i området frå tunellen ved Bjørnstegane og inn mot Fåbergstølen. Viktig å redusere faren for spreiding inn i nasjonalparken.	20 000	Tenestekjøp	Grunneigarar, SNO	Granfjerning.
Uthenting av materialrestar og skrot, Storesætra i Erdalen	Det ligg att gamle materialrestar ved det gamle Klovningesteinen. Desse må frakast ut med helikopter.	40 000	Tenestekjøp og SNO	Grunneigarar, SNO	Opprydding i nasjonalparken.
Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	Stien til Haugabreen har ei særskilt krevjande kryssing av ei sideelv i lausmassar. Forvaltinga må følgje opp denne turstien.	10 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar, lokale lag, SNO og kommune	Enkle stiltak ved skade etter ras og for å kanalisere ferdsel.
Innfallsport Supphellebreen	Det er utarbeida ideskitser, bruprojektering og søknad til Sogndal kommune til prosjektet. Innfallsporten er eit samarbeid med bygdelag og reiselivet. Naturtypar i området er kartlagt i 2025. Som ei oppfølging er det aktuelt å få utarbeidd nye planskitser for ny innfallsport ved Supphellebreen.	100 000	Tenestekjøp	Bygdelag, reiseliv, grunneigarar, SNO	Det er/har vore eit samarbeidsprosjekt med lokale krefter i Fjærland, der nasjonalparkstyret er med på å delfinansiere prosjektet.
C14 datering av fonnfunn frå Supphelleskaret	Det vart i 2025 funne ein bunt med never i ei smeltande fonn i øvste Supphelleskaret. Det er	10 000	Tenestekjøp	SNO	Gamal ferdselsveg over Supphelleskaret mellom Veitastrond og Fjærland.



Tiltak	interessant å finne alder. Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag	Utføring	Samarbeids- aktørar	Merknad
Tilrettelegging av innfallsporten ved Bødalsætra	Rydde og stramme opp innfallsporten ved Bødalsætra. Sette opp nye skilttavler med informasjon. Flytte «porten» litt.	25 000	Tenestekjøp, SNO	Grunneigarar, SNO	
Innkjøp av varsemd skilt til fleire av innfallsportane rundt Jostedalsbreen	På fleire innfallsportar er det trong for nye varsemdsskilt med ulik tekst for å redusere slitasje på sårbar natur og redusere faren for ulukker	25 000	SNO	SNO	Vi treng 25 skilt med «Følg stien + retningspil» og 15 skilt med «Fare steinsprang» eller «Slutt på sti»
Restaurering sti Lundeskaret	Ein del av stien til Lundeskaret rasa ut i 2023 og meir kan vere på veg. Det er i dag sti forbi, men stien kan bli vanskeleg om meir rasar ut. Terrenget er bratt og utsett.	0	Tenestekjøp	Grunneigarar, turlag, kommune, SNO	Gammal ferdselsveg som vart opprusta i 2016 med midlar frå nasjonalparkstyret.
Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen	Utkikkspunkt vart etablert i 2024/25. Det er planar om fasilitetar kring Brævasshytta, gangsti, informasjon som skal gi ei betre oppleving av området. Nasjonalparkstyret kan i tilfelle vere ein samarbeidspart når det gjeld sti og informasjon.	0	Tenestekjøp	Grunneigarar, bygdelag, kommune,	Etablering av utkikkspunkt ved Bøyabreen
SUM		960 000			